



NORSK LOVTIDEND

Avd. II Regionale og lokale forskrifter mv.

Utgitt i henhold til lov 19. juni 1969 nr. 53.

Kunngjort 7. november 2024 kl. 16.35

PDF-versjon 7. november 2024

31.10.2024 nr. 2693

Forskrift om elevpermisjon frå grunnskuleopplæringa, Bjørnafjorden kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av Bjørnafjorden kommunestyre 31. oktober 2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-2 fjerde ledd.

§ 1. Føremål og verknadsområde

Føresegna regulerer i kva tilfelle elevar kan søkje om permisjon frå skolen. Føresegna skal bidra til å tryggje elevane si rett til grunnskuleutdanning og sikre likebehandling når det søker om permisjon. Føresegna gjeld for elevar ved alle grunnskular i Bjørnafjorden kommune. Føresegna gjeld ikkje for vaksne som mottar grunnskuleopplæring etter opplæringslova sitt kapittel 18.

§ 2. Rett til å søkje om permisjon

Elevar kan få innvilga inntil 10 dagar permisjon per år, så lenge elevane får ein opplæring som samla sett er forsvarleg. Dei 10 dagane kan bli fordelt over fleire permisjonar.

Når vi skal vurdera om opplæringa samla sett er forsvarleg, kan det mellom anna bli lagt vekt på:

- a. kva som er det beste for eleven og kva eleven sjølv meiner
- b. om, og i tilfelle kva, opplæring som blir gjeven i permisjonstida
- c. skulen sitt undervisningsopplegg i permisjonstida
- d. om eleven har hatt permisjon tidlegare
- e. eleven sin faglege nivå
- f. kva læringsutbytte eleven elles vil få i permisjonstida.

Som hovudregel blir ikkje permisjon innvilga i periodar der det blir gjennomført statlege kartleggingsprøvar, nasjonale prøvar, avgjerande vurderingssituasjonar på ungdomsskulen, prøveeksamen og eksamen.

§ 3. Permisjon for trusretningar

Elevar som tilhørar eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, har rett til permisjon frå skulen dei dagane trussamfunnet har helgedag i tråd med oppl. § 2-2 femte ledd.

Rett til permisjon etter denne forskrifta føreset at foreldra sørger for opplæringa som trengst for at eleven skal kunne halde tritt med opplæringa på skolen etter fråværet.

§ 4. Opphold i utlandet

Etter tre månader i utlandet vert ikkje barna lenger rekna som busette i Noreg, og blir dermed ikkje omfatta av opplæringsplikta i samsvar med oppl. § 2-2 andre ledd. I dei tilfella der foreldra gir skulen melding om utanlandsopphold på over tre månader på førehand, fell plikta bort frå avreisedatoen. I alle andre tilfelle fell plikta bort når utanlandsoppphaldet har vart i meir enn tre månader. Tremånadersregelen gjeld uavhengig av skuleruta, det vil seie uavhengig av om opphaldet delvis fell innanfor skolens feriar.

§ 5. Ugyldig fråvær

Eleven vil få ugyldig fråvær dersom eleven ikkje har søkt om permisjon, eller har fått avslag på søknad om permisjon, og likevel ikkje møter på skolen. Eleven får også ugyldig fråvær dersom eleven berre har fått delvis innvilga permisjon, og likevel er borte heile perioden.

§ 6. Saksbehandlingsreglar

Søknad om permisjon må sendast til skolen seinast éin månad før permisjonen skal starte.

Rektor får delegert mynde til å fatta vedtak i saker om elevpermisjon. For permisjonar med varigheit på éin dag, kan rektor delegere mynde til å innvilge permisjon til elevens kontaktlærar.

§ 7. Klagerett

Behandling av søknad om permisjon er eit enkeltvedtak som det kan klagast på. Ein eventuell klage sendast til skulen v/rektor. Frist for å klage er 3 veker frå vedtaket vart motteke av klagaren.

Statsforvaltaren i Vestland er klageinstans for klage på vedtak etter opplæringslova.